

Referat elevrådsmøte onsdag 29.11-2017

Stad: Mediateket.

9 av 12 til stades.

Ikkje til stades: Mathea Eikemo, Benedicte Hindenes, Emil Frotjold.

Referent: Linnea Tofting

SAKER:

1. Bruk av midlar frå U-rådet (betre skulemiljøet)

- Sidan sist elevrådsmøte har alle elevrådsrepresentantane hatt klassemøte, der dei la fram korleis elevane kan koma med forslag til tiltak som kan betra skulemiljøet her på skulen. På møte i dag vart mykje av tida brukt til å behandla dei ulike forslaga som hadde kome inn frå elevane. Til saman var det kome inn over 30 forslag. Elevrådet tok først for seg alle forslaga kvar for seg, og lukte vekk urealistiske forslag som ikkje lèt seg gjennomføra av ulike årsaker og forslag som var kome inn som ikkje omhandla det å betra skulemiljøet. Forslaga vi sat igjen med, vart røysta over. Dei forslaga med flest stemmar er lista opp under:

- o Ny sofa/sofaer i midtgangen mellom 8. og 9. trinn.
 - o Bord til sofaene som står i kantina
 - o Spel til mediateket:
 - Rykte går
 - Cluedo
 - Jenga
 - o Biljardbord
 - o Ishockey spel (4-6 spelarar),
 - o Fussballbord.
 - o Nytt musikk anlegg til kantina: Sony A/V høgtalar GTKXB60 (sort)
 - o Plakatar til kantine
 - o Maling. Til og mala kantina? (høyre med rektor) og mellomgangen mellom 8.trinn og 9.trinn. Ønskeleg med MOT Fargane og MOT motiv.

Thomas og Markus skal lage eit detaljert budsjett for dei 46.000kr. Overslaget vi gjorde på møtet tilseier at vi skal ha nok pengar til å kjøpe inn alt. Om dette viser seg og ikkje stemme, vil forslegne med flest stemmer frå møte bli prioritert.

SAK 2: Helsesøster

- Nokre elevar ynskjer at det kjem tydelegare fram når helsesyster er på skulen. Både dagar og tidsrom.
 - o Løysinga til elevrådet: Markus (miljøterapeut) som er elevrådsansvarlig samarbeider ein del med helsesyster skal gjera ho oppmerksom på dette. Slik at ho kan gjera naudsynte utbetringar.

Sak 3: Brannvern.

- Klasse 10A kom med ein bekymring angående brannvern. Nokon av elevane i 10A har opplevd at det kan vera vanskeleg å høyra brannalarmen, spesielt i friminuttane då det kan være ekstra støy i klasserommet.
- o Løysinga til elevrådet: Vidareformidle bekymringa til rektor, som gjer dei naudsynte undersøkingane og eventuelle utbetringar

Sak 4: Lærere som bruker PC i timene.

- Elevar rapporterer at dei opplever at enkelte lærarar brukar mykje tid bak eigen pc-skjerm i undervisinga, og opplevast dermed som utilgjengeleg for elevane. Dette gjeld undervisings situasjonar der elevane har vorte sett til å jobba sjølvstendig med oppgåver eller liknande.
 - o Løysinga til elevrådet: Vidareformidle saken til rektor, som igjen kan formidle dette til lærarkollegiet slik at dei blir meir oppmerksam på dette i framtida.

Sak 5: Vannet i springene på rom 8 og 6.

- 10.trinn sitt klasseromma (rom 6 og 8) får ein ikkje varmt vann frå springa.
 - o Løysinga til elevrådet: Gi beskjed til rektor, slik at ho kan melda det vidare til vaktmester.

Sak 6: Trimrommet på skolen.

- Førespurnad om å gjera om trimrommet i kjellaren til eit aktivitetsrom/fellesrom som elevane kan nytta i friminuttane.
 - o Elevrådets oppfatning: Oppfatninga til elevrådet er at dette rommet vert svært lite brukt slikt det står i dag, og at eit felles aktivitetsrom der elevane kan koma og spela bordtennis, airhockey og andre sosiale spel/aktivitetar vil gå elevane mykje meir til gode og bidra til å styrkja skulemiljøet, og auke aktivitetsnivået blant elevane i friminutta. Markus skal bringe saken vidare til skolens leiing.